
Saksnr: 2020/77154-113
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård
Dato: 11.06.2021

Til: Simen Lagesen Krogstie

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale/fråsegn frå fylkeseldrerådet om tildeling 2022 Den kulturelle spaserstokken

Fylkeseldrerådet hadde møte 10. juni 2021, og i *PS 24/21 Uttale til tildeling av Den kulturelle spaserstokken 2022* vedtok dei å gi ei fråsegn/uttale i samband med orientering om tildeling til Den kulturelle spaserstokken. Rådet uttaler følgjande:

DEN KUTURELLE SPASERSTOKKEN TILDELING TIL KOMMUNANE FOR 2022

Fylkeseldrerådet vart på teamsmøte 07.06.21 orientert frå avdeling for kultur, idrett og friluftsliv om søknader og framlegg til tildeling til kommunane i Vestland.

Fylkeseldrerådet er svært godt nøgd med måten rådet blir teken med undervegs i prosessen.

Med den demografiske utviklinga og stipulert utvikling av demens i kommunane meiner rådet at tiltak innanfor kulturfeltet må aukast, noko som vil krevje større midlar.

Kultur er eit godt helsebringande tiltak og er derfor viktig for alle aldersgrupper og ikkje minst for dei eldre. Tverrsektorielt samarbeid i kommunane og i fylkeskommunen er viktig for å få eit best mogeleg resultat.

Samarbeid mellom kommunar og mellom spaserstokken og den kulturelle skulesekken er spennande ting enkelte kommunar har prøvd ut.

Vi registrer at ein kan få overføre midlar for 2021, som ein ikkje har fått brukt pga koronasituasjonen, og utan at dette vil påverke tildelinga for 2022.

Fylkeseldrerådet vil på landskonferansen for fylkeseldreråd i Trondheim i september at opp spørsmålet om ei uttale til myndigheitene for å få auka tildelinga til Den kulturelle spaserstokken med 100 % frå 2023.

Fylkeseldrerådet sluttar seg til den måten tildelinga er tenkt frå fylkeskommunen.

Harald Ekroll
Leiar, fylkeseldrerådet